

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.10.2019

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Til punkt 3.

Ein bør i dette arbeidet spesielt ha høg fokus på å auke tryggleiken for syklistar, og unngå for mange standardskifte i sykkelruta.

Punkt 6

Fylkesutvalet meiner det er avgjerande viktig at fleire vel å sykle til og frå jobb, derfor bør det som del av sykkelstrategien verte utarbeidd eit eige tiltak for sykkel ved store arbeidsplassar slik som til dømes Haukeland sjukehus.»

Røysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Oen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner arbeidet med sykkelstrategien er ei viktig oppfølging av regionale planar for å kunne oppnå nasjonale målsettingar for folkehelse, nullvekstmålet og utvikling av attraktive senter.
2. Fylkesutvalet meiner at det bør kome tydelegare fram korleis handlingsplanane skal utformast for å stø opp om sykkelsatsinga. Dokumentet må gjere greie for kva tidsplan ein ser for seg for å kunne realisere dei ulike delmåla som skal lede til eit trygt og attraktivt sykkeltilbod i 2030.
3. Ein bør i dette arbeidet spesielt ha høg fokus på å auke tryggleiken for syklistar, og unngå for mange standardskifte i sykkelruta. Fylkesutvalet meiner at sykkelstrategi for Bergen 2019-2030 bør tydeleggjere prioriteringar mellom dei ulike trafikkgruppene, dei bygde omgjevnadane og det definerte sykkelnettet. Det bør også tydeleggjera kva funksjon sykkelnettet skal ha for vidare arbeid, og kva status dagens sykkelruter vil ha vidare.
4. Fylkesutvalet meiner at sykkelstrategien bør synleggjere korleis den stillar seg til hjartesoner rundt skuler.
5. Fylkesutvalet meiner det er eit godt grep å betre kommunikasjonen ut til byens befolkning. Ein må sørge for ei kommunikasjonskanal som kan handtere spørsmål om både drift og planlegging av tilbodet til mjuke trafikantar, uavhengig av kven som er vegeigar.
6. Fylkesutvalet meiner det er avgjerande viktig at fleire vel å sykle til og frå jobb, derfor bør det som del av sykkelstrategien verte utarbeidd eit eige tiltak for sykkel ved store arbeidsplassar slik som til dømes Haukeland sjukehus.